



--

Arkiv saknr:	2009/1810
Løpenr.:	12314/2014
Arkivkode:	151/3

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	03.09.2014	14/91

Sakshandsamar: Lotte Næss

## Detaljregulering Kjelingnut 153/1 - klage

### Vedlegg:

- 1 Plankart
- 2 Føresegner
- 3 Detaljregulering Kjelingnut 151/3 - klage på planvedtak
- 4 Merknader vedr. framlegg til detaljregulering Kjelingnut 151/3 med 7 vedlegg. Datert 3.mai 2013
- 5 Tegning 4. Datert 8.juni 2014
- 6 Foto 4 av 2.juni 2014

### Dokument i saka:

Detaljregulering for Kjelingnut 151/3, vedteken 10.04.14  
Vinje kommune, brev om kunngjering av planvedtak 14.05.14  
Tone og Ingvar Kolbenstvedt, klage datert 08.6.14  
Kst-sak 14/25

### Bakgrunn:

Kommunestyret vedtok 10.04.14, sak 14/25, detaljregulering for Kjelingnut i samsvar med plan- og bygningslovas § 12 - 12.

Kommunestyrets vedtak vart kunngjort i medhald av pbl § 12 - 12 i brev 14.05.14. Det er kome inn ein klage, frå Tone og Ingvar Kolbenstvedt, sjå vedlegg 3 - 6.

### Vurdering:

Reguleringsplanen legg til rette for eit hyttefelt med nærare 40 nye tomter. Feltet ligg rett sør

for Rauland høgfjellshotell, på den andre sida av vegen. Feltet har tilkomst frå fylkesveg 37, to eksisterande avkøyrsløse vert slått saman til ein. Det er fire hytter i området frå før, som inngår i feltet. Det er regulert eit areal for utleige/overnatting i nord, nærast høgfjellshotellet.

Tone og Ingvar Kolbenstvedt har hytte på festetomt 151/3/20 i nordlige del av planområdet. Dei klagar på areal regulert til Fritids- og turistformål FT1rett vest for deira hytte. Utvikling av dette arealet slik det er lagt til rette for, vil ta utsikt og sol.

Ved offentlig ettersyn hadde dei tilsvarende merknader, vedlegg 4. Rådmannens kommentar var då : *Ein ser at utbygging som planlagd vil ha negative konsekvensar for hytteeigar. Ein vil likevel legge meir vekt på at arealet FT1 er verdifullt som næringsareal i nærleiken av hotellet, og dermed verdifullt for utvikling av Rauland som reisemål. Lågare mønehøgde på arealet rett vest for H14 vil ikkje ha noko å seie for utsikten, den vert stengd ved om lag 4 m mønehøgde. (Rett ned for hytta er det 6 m høgdeforskjell ned til vegen).*

I klag peikar Kolbenstvedt på at redusert høgde på bygga i FT1 vil føre til at dei framleis har ein del utsikt og også sol. På dette grunnlaget vil ein rå til å ta delvis omsyn til klag. I føresegnene kan det føyast til at det rett vest for 151/3/20 - dvs sør for ei line i rett forlenging av formålsgrrensa vestover - skal byggjast med maks mønehøgde på kote 956 - same høgde som terrenget framfor hytta. Skissa frå Kolbenstvedt visar ei bygning 1 m høgare enn dette, sjå vedlegg 5. Med ei slik løysing ser det ut til at det vil kunne byggjast med mønehøgde 4 - 5 m over noverande terreng i denne delen av FT1.

Kolbenstvedt må tilskrivast for å høyre om dei vil at klag skal gå vidare til fylkesmannen.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

<b>Klag frå Tone og Ingvar Kolbenstvedt vert delvis teken omsyn til : Rett framfor 151/3/20 skal det ikkje byggjast med mønehøgde høgare enn kote 956.</b>
--

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 03.09.2014:**

#### Framlegg frå H v. Nils Vågslid:

Klag frå Tone og Ingvar Kolbenstvedt vert delvis teken omsyn til : Rett vest for 151/3/20 skal det ikkje byggjast med mønehøgde høgare enn kote 957.

#### Framlegg frå Ap v. Roar Berg Hansen:

Klag frå Tone og Ingvar Kolbenstvedt vert delvis teken omsyn til : Rett framfor 151/3/20 skal det ikkje byggjast med mønehøgde høgare enn kote 956 eller toppen av grunnmuren til hovuddelen.

Ein røysta fyrst over kva for ei kote som skal nyttast. Vågslids framlegg blei sett opp mot rådmannens og Berg Hansens framlegg.

Vågslids framlegg blei vedteke med 4 mot 2 røyster.

Ein røysta då ikkje over resten av Berg Hansens framlegg.

Ein vedtok samrøystes Vågslids framlegg for definering av området framfor 151/3/20.

Framlegget frå Vågslid blei vedteke.

**Klaga frå Tone og Ingvar Kolbenstvedt vert delvis teken omsyn til : Rett vest for 151/3/20 skal det ikkje byggjast med mønehøgde høgare enn kote 957.**